St Dominikus klosters venner (skipa 8. april 2015)

# Årsmelding 2019-2020-2021

**Styret vart vald på årsmøtet i mai 2018**
Haldor Slettebø, leiar
Sindre Bostad, nestleiar
Grace Elizabeth Loe Tollefsen
Eirik Bliksrud
Eirik Aavitsland
Varamedlemer til styret: Oddbjørn Sørmoen, Bjørn Øiulfstad
Revisor: Harald Lilleby
Valkomité: Berit Holth, Jon Atle Wetaas OP, Elisabeth Helland

**Føremål**
Styrkja og sikra klosterøkonomien, gjennom innsamling av pengar og ved andre aktivitetar.
Medlemskontingenten pr. år er kr. 250 for dei under 30 år, kr. 500 for andre.

**Aktivitetar i perioden**
Rehabilitering av klosteret gjennom 2 år og pandemi frå mars 2020 har gjeve sterkt redusert møteaktivitet.
Laget har om lag 110 betalande medlemer, som i 2018.

Fem styremøte i alt, tre i 2019, eitt i januar 2020 og eitt i desember 2021.
To medlemsmøte med føredrag:
Mai 2019 Unn Falkeid: Om den hellige Birgitta
Januar 2020 Olav Rune Bastrup: Antikatolisisme i Norge i går og i dag

**Nettsider**
Oppdateringar i møteprogrammet blir lagde ut på heimesidene våre og på Facebook.

**Ymse**
Jubileumsboka «Prekebrødrene» kom på St Olav forlag i mai 2021 og inneheldt m.a. ein bolk med artiklar frå føredrag på medlemskveldar. Hilde Bliksrud frå Venneforeningen var med i bokredaksjonen.
Foreininga var medarrangør på ein vellukka hagefest med nær 100 deltakarar då klosteret feira 100-årsjubileum 7. august 2021.

**Pengane**
Årleg kjem det inn om lag 50 000 i medlemspengar, sjå rekneskapen.
Sidan klosteret har hatt uvanleg små inntekter i denne perioden har Venneforeningen valt å overføra alle inntektene våre + tidlegare overskot beinveges til klosteret, til saman kr. 246 000, sjå rekneskapen.

**Framtidsplanar**
Rekruttera minst ein ungdom til styret. Planleggja ein medlemskveld i samarbeid med dei unge som ofte er å treffa på kyrkjekaffien.

Elles:
Organisera føredragskveldar 3-4 gonger i semesteret.
Vidareføra tett kontakt med klosterbrørne og bli kjent med dei to nye dominikanarane.
Innsamling til kloster i Ukraina?

Oslo 28. mars 2022
Haldor Slettebø
På vegner av styret